

UKM 01/19

Konstituering, statutter og forretningsorden for UKM 2019

Ungdommens kirkemøte (UKM) har både *statutter* og *forretningsorden*. Det er Kirkerådet som vedtar de grunnleggende reglene og rammene for UKM (statutter), mens UKM selv har ansvar for praktisk gjennomføring av møtet (forretningsorden).

Statutter for UKM

1. Ungdommens kirkemøte arrangeres av Utvalg for ungdomsspørsmål i samarbeid med Kirkerådets sekretariat.
2. Ungdommens kirkemøte skal utføre sitt arbeid i lojalitet mot den evangelisk-lutherske lære.
3. Saker til Ungdommens Kirkemøte må meldes til Kirkerådets sekretariat senest 14 uker før møtet.
4. Ungdommens kirkemøte behandler og uttaler seg i saker som angår Den norske kirke nasjonalt og internasjonalt. Ungdommens kirkemøte kan melde saker til behandling på Kirkemøtet.
5. Valg

Blant Ungdommens kirkemøtes delegater velges:

- Leder av Utvalg for ungdomsspørsmål for en periode på to år, ved særskilte avstemning. Lederen møter i Kirkemøtet og Kirkerådet med tale og forslagsrett.
- Tre representanter til å delta på Kirkemøtet med tale og forslagsrett.
- Fem medlemmer til Utvalg for ungdomsspørsmål.

Ungdommens kirkemøte velger også to medlemmer til Utvalg for ungdomsspørsmål på bakgrunn av særlig kompetanse.

Vararepresentant for Utvalg for ungdomsspørsmåls leder oppnevnes av utvalget.

Medlemmene til Utvalg for ungdomsspørsmål velges for to år, slik at halve utvalget er på valg hvert år.

6. Delegater til Ungdommens kirkemøte

6.1. Ungdommens kirkemøte består av to delegater fra hvert bispedømme, to delegater fra Samisk ungdomsutvalg (inkludert utvalgets leder), én samisk delegat fra hvert av de tre nordligste bispedømmene, en delegat fra Døvekirken, en delegat fra hver av organisasjonene som driver ungdomsarbeid tilknyttet Den norske kirke, medlemmer av Utvalg for ungdomsspørsmål, samt de medlemmer av bispedømmerådene, Kirkerådet, Samisk kirkeråd og Mellomkirkelig råd, som er under 30 år. De fire representantene som ble valgt til Kirkemøtet foregående år inviteres til det påfølgende UKM med møte-, tale-, forslags- og stemmerett.



6.2. Delegationene fra bispedømmene velges av og blant bispedømmets Ungdomsråd, som igjen må være valgt på bispedømmets Ungdomsting. Kirkerådets sekretariat kan i særlige tilfeller gi dispensasjon fra dette.

6.3. Delegationene fra organisasjonene oppnevnes av organisasjonens landsstyre eller lignende. Kirkerådets sekretariat kan i særlige tilfeller gi dispensasjon fra dette.

7. Observatører på Ungdommens Kirkemøte

Døvekirken og organisasjonene kan sende en observatør i tillegg til delegaten. Denne har tale- og forslagsrett. Medlemmene av Samisk ungdomsutvalg som ikke er delegater, kan møte på Ungdommens kirkemøte med tale- og forslagsrett. Kostnadene for opphold dekkes av sende-enhet. Feltprestkorpsset inviteres til å sende en observatør med tale- og forslagsrett. Denne observatøren må være medlem av Den norske kirke. Medlemmer av valgkomiteen som ikke er delegat, møter med tale- og forslagsrett.

8. Ungdommens kirkemøte vedtar selv nærmere regler og forretningsorden for gjennomføring av Ungdommens kirkemøte.

9. Statuttene trer i kraft straks. Fra samme tid oppheves statutter 12. mars 2010 for Ungdommens kirkemøte.

Vedtatt i Kirkerådet 14. september 2018, sak 53/18.

Forslag til forretningsorden for Ungdommens kyrkjemøte 2019

Plenumsarbeid

1. Ungdommens kyrkjemøte arbeider gjennom plenumssamlingar og komitear.
2. Møtet blir leidd av tre dirigentar. Dei treng ikkje vere blant delegatane i møtet. Møteleiinga har plikt til å leie forhandlingane i tråd med dei reglane som til kvar tid gjeld for Ungdommens kyrkjemøte og vanleg møteskikk.
3. Når møtet begynner, skal det veljast eit teljekorps og referentar som under møtet rettar seg etter tilvisingar frå møteleiinga.
4. Ungdommens kyrkjemøte veljar ein valkomité som skal førebu valet av Utval for ungdomsspørsmål, deriblant leiar, representantar til Kyrkjemøtet og ny valkomité på det påfølgjande møtet. Det skal veljast ein person frå Utval for ungdomsspørsmål og to delegatar. Ungdommens kyrkjemøte fastsett nærmare retningslinjer for valkomiteen.
5. Delegationene og representantane med tale- og forslagsrett teiknar seg til innlegg ved å gi røysteteikn eller ved bruk av elektronisk møtesystem. Det er høve til å ha inntil to korte replikkar og ein svarreplikk til kvart innlegg.
6. Møteleiinga skal, når det er påkravd, regulere taletid og høve til replikk. Når møteleiinga ønskjer å setje strek, skal ein kunne teikne seg under innlegget til den neste talaren.



7. Den som teiknar seg til forretningsordenen, dagsordenen, voteringsordenen eller for saksopplysning, skal få ordet like etter siste talar. Forslag om å avbryte ei sak, oppheve at strek er sett eller gå direkte til røysting, skal takast direkte opp til votering.

8. I saker der det skal gjerast vedtak, skal behandlinga i hovudsaka skje både i komitear og plenumssamlingar. Ei sak går først til behandling i ein komité, som diskuterer seg fram til ei felles fråsegn som skal leggjast fram for møtet i plenum. Ei sak kan behandlast fleire gonger i plenum eller komité. Dersom ein komité kjem med ei delt innstilling, skal innstillinga frå både fleirtalet og mindretalet leggjast fram for plenumssamlinga. Ungdommens kyrkjemøte kan og vedta at saker skal behandlast direkte i plenum.

9. Delegatane og representantane med tale- og forslagsrett har frammøteplikt til alle komité- og plenumssamlingar. Fråvær skal godkjennast av komitéleiaren eller dirigentskapet etter skriftleg søknad.

10. Ungdommens kyrkjemøte kan gi gjester og andre inviterte talerett. Ein representant for Metodistkyrkjas Ungdomsforbund blir invitert til å delta på Ungdommens kyrkjemøte, også komitémøta, med møte- og talerett.

Komitéarbeid

11. Sekretariatet i kyrkjerådet set saman komiteane og nemner opp ein leiar for kvar komité. Leiaren har ansvar for å koordinere arbeidet i komiteen.

12. Kvar komité skal ha nødvendig sekretærhjelp.

13. Komiteen vel den arbeidsforma og organiseringa som ein finn mest tenleg, for eksempel skiping av underkomitear.

14. For at ein komité skal vere vedtaksfør, må 2/3 av medlemmane vere til stades.

15. Komiteen presenterer innstillinga si ved byrjinga av behandlinga av den saka komiteen har arbeida med. Dersom komiteen leverer ei delt innstilling, skal mindretalet også få presentere synet sitt. Fleirtalet og mindretalet skal ha like lang taletid.

Røystingar og val

16. Før ein går til votering, gjer møteleiinga greie for voteringsordenen. Møteleiinga avgjer voteringsordenen i samsvar med god møteskikk, slik at forslag blir tekne opp til votering i logisk rekkjefølgje.

17. For at UKM skal vere vedtaksfør, må minst halvparten av dei røystepliktige vere til stades.

18. Røysting skal gjennomførast ved at det blir vist røysteteikn, ved skriftleg røysting eller ved bruk av elektronisk møtesystem. Det kan berre røystast ved personleg frammøte. Vedtak skal ha alminneleg fleirtal. Ved val er det møteleiinga som fastsett voteringsordenen.



Delegatar til Ungdommens kyrkjemøte har røysteplikt. UKM kan vedta å fråvike dette prinsippet i enkeltsaker. Delegatar frå organisasjonane kan avstå frå røysting der organisasjonen har fatta eit vedtak som gjer at røysting er vanskeleg.

19. Ungdommens kyrkjemøte sender fire representantar med tale- og forlagsrett til å delta på Kyrkjemøtet. Representantane veljast etter tilråding frå valkomiteen, i tråd med reglane i Statutter for Ungdommens kyrkjemøte pkt. 5.

Anna

20. Sekretariatet i Kyrkjerådet får fullmakt til å rette skrivefeil og til å gjere redaksjonelle endringar i protokollen.

Forslag til vedtak:

- **Konstituering:**
 - Dirigentskap for UKM:
 - Forslag: Petter Rønneberg, Therese Egebakken og Aleksander Abelsen.
 - UKM godkjenner forslag til forretningsorden for UKM 2019.
 - Innkalling og sakspapir er godkjende.
- **Val av teljekorps og referantar:**
 - Teljekorps:
 - Forslag: Rådgjevarar
 - Referantar:
 - Forslag: Kristian Myhre og xx